

Kultur- og likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
21/2765

Vår ref.
22/216-6/JABA

Dato
26.09.2022

Høyringsfråsegn om forskrift til språklova

Språkrådet viser til Kultur- og likestillingsdepartementets framlegg om forskrift til språklova.

Språkrådet har desse innspela til framlegget:

- Det er uklart kva som vil skje med den plikta som dei sentrale statsorgana i dag har til å bruke tenestemålet til eit regionalt statsorgan i sine skriv til organet.
- Samanlikninga mellom språklova og offentleglova i § 1 bokstav a i forskriftsutkastet går for langt; Språkrådet ser ikkje nokon relevant sakleg samanheng mellom omsyna som talar for unntak frå offentleglova, og omsyna som talar for unntak frå språklova.
- I tilfelle der vilkåret for unntak frå språklova er at språkpolitikken til verksemda er vedtektsfesta, er det viktig å sikre at vedtektene blir etterlevde, og definere kva vedtekter som er innafor.
- Vilkåret «som [...] mottek tilskot for å fremje nynorsk» er ikkje ei eigna avgrensing.
- Paragraf 1 bokstav e i forskriftsutkastet bør delast opp i to bokstavar.
- Det vil bli krevjande å tolke formuleringa «tenester retta mot allmenta» og rettleie om regelen.
- Grunngevinga for unntaket for verksemder «som rettar seg mot bestemte regionar og landsdelar», er uklar.
- Svalbard-regelen i § 1 bokstav f i forskriftsutkastet er uklar.
- Overskriftene til §§ 1 og 2 bør samordnast, eller paragrafane bør slåast saman.
- I § 2 i forskriftsutkastet er det uklart kva ordet «programverksemda» rommar.
- Innhaldet i § 2 i forskriftsutkastet går lenger enn forskriftsheimelen i lova tillet.
- Ordlyden i § 4 første ledd i forskriftsutkastet har ein uklar passivkonstruksjon.
- I § 5 første ledd andre punktum i forskriftsutkastet bør det komme klart fram kva departement som er klageinstans.
- Språkrådet er tilgjengeleg for ytterlegare dialog, om Kultur- og likestillingsdepartementet ønsker det.

Vi går meir i djupna nedanfor.



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Tagnaden om bortfallet av målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum er uheldig

Det er uklart kva lagnad Kultur- og likestillingsdepartementet ser for seg for den plikta som dei sentrale statsorgana i dag har til å bruke eit regionalt statsorgans tenestemål i sine skriv til organet. Plikta følger av regelen i målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum. Viss målbruksforskrifta i sin heilskap blir oppheva, fell pliktregelen bort. Det reiser spørsmål som etter Språkrådets meining burde ha vore omtalte i eit høyringsnotat.

Men høyringsnotatet om forskrifta teier om saka. Heller ikkje høyringsnotatet om språklovskastet frå 2019 eller lovproposisjonen året etter (Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*) seier noko som helst om saka. Regelen i målbruksforskrifta § 5 vart ikkje tatt inn i språklova, og no ser han ut til å forsvinne saman med målbruksforskrifta.

For det første er det generelt ikkje heldig at det er tyst i forarbeida når eit departement gjer framlegg om å oppheve ein sektorpolitisk viktig materiell regel. Noko av poenget med offentlege høyringar er å skissere moglege regelendingar og kaste lys over kva konsekvensar endringane kan få. Når høyringsnotata teier om konsekvensane, skjer vurderingane og diskusjonane på feil grunnlag.

For det andre finst det ei konkret språkpolitisk innvending knytt til akkurat denne regelen: Å oppheve denne plikta som dei sentrale statsorgana har, vil truleg ha som praktisk konsekvens at det blir skrive mindre nynorsk i statsorgana. Det ville ha vore naturleg om Kultur- og likestillingsdepartementet kommenterte korleis dét passar med den offisielle språkpolitikken, som elles legg opp til at dei offentlege organa skal skrive meir nynorsk – og ikkje mindre.

Språkrådet foreslår at Kultur- og likestillingsdepartementet lar regelen leve vidare. I første omgang kan det skje ved at departementet *ikkje* opphevar målbruksforskrifta § 5 tredje ledd tredje punktum.

Samanlikninga mellom språklova og offentleglova går for langt

Språklova og offentleglova er to av fleire lover som har det til felles at dei rettar seg dels mot dei offentlege organa i stort og dels mot forvaltninga spesielt. I slike lover kan den overordna strukturen vere ordna etter same malen, og lovene kan ha føresegner om verkeområde og legaldefinisjonar som er inspirerte av og liknar på kvarandre.

Men det lovtekniske slektskapet skal ikkje overdrivast. Kultur- og likestillingsdepartementet gjer framlegg om å kopiere ei konkret liste over verksemder som er unntatt frå offentlegforskrifta, inn i den foreslåtte forskrifta til språklova, slik at dei verksemdene som i si tid vart valde ut som unntatt frå offentleglova, no òg skal vere unntatt frå språklova §§ 12 til 18. Paragraf 1 bokstav a første alternativ i forskriftskastet viser til offentlegforskrifta § 1 første ledd, som seier at offentleglova ikkje gjeld for åtte namngitte, offentleg eigde verksemder (Norges sjømatråd AS, SIVA Eigedom Holding AS, Gassco AS, NRK Aktivum AS, Petoro AS, Posten Noreg AS, Statkraft SF og Norsk Tipping AS).

Da offentlegforskrifta var på offentleg høyring i 2007, drøfta lovavdelinga i det daverande Justis- og politidepartementet i høyringsnotatet kvifor det kunne føre gale av stad viss innsynsreglane i offentleglova skulle gjelde for akkurat desse verksemdene. Drøftinga var konkret og inngåande. Samtidig peika lovavdelinga på eit viktig atterhald i forskriftsheimelen i offentleglova som gjer heimelen snever: Unntak kjem berre på tale «dersom det må reknast som nødvendig ut frå omsynet til arten av verksemda, konkurransesituasjonen eller andre særlege tilhøve». (Til samanlikning manglar eit slikt atterhald i forskriftsheimelen i språklova.) Lovavdelinga viste til at Justisdepartementet i lovproposisjonen til offentleglova (Ot.prp. nr. 102 (2004–2005)) presiserte at sjølv om ein forskriftsheimel finst i lova, «bør [det] likevel ikkje vere kurant å gjere unntak i forskrifter». Lovavdelinga trekte òg fram ei utsegn frå fleirtalet i justiskomiteen på Stortinget i det same lovarbeidet, i Innst. O. nr. 41 (2005–2006), som presiserte kor viktig det er «at ikke lovens hovedregel [...] blir uthulet gjennom forskrifter».

Kultur- og likestillingsdepartementet forklarte i høyringsnotatet om utkastet til språklova frå 2019 at verkeområdet for offentleglova bevisst var brukt som modell for verkeområdet for språklova. Vurderinga gjekk ut på at verkeområda burde vere like, men ikkje utan ein sikringsventil, slik at «der ei vurdering etter offentleglova [...] ikkje vil høve for språklovas del», skulle forskriftsheimelen i språklova borge for eit resultat som var tilpassa språkfeltet. I lys av dette forstår ikkje Språkrådet kvifor Kultur- og likestillingsdepartementet no ønsker å kopiere inn også unntaka frå offentlegforskrifta utan noka nærmare og meir tilpassa grunngiving.

Fleire av dei åtte namngitte verksemdene er statseigde selskap i kategori 3 i Nærings- og fiskeridepartementets eigarskapsmelding, Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper – Bærekraftig verdiskaping*. Dei er med andre ord politiske reiskapar, og formålet med den statlege eigarskapen er ei mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål. Da er det synd om Kultur- og likestillingsdepartementet lar høvet gå frå seg til å bruke desse reiskapane til å gjennomføre nettopp språkpolitikken.

Kvar på sitt vis spelar desse verksemdene ei viktig rolle som politiske reiskapar. Med slike reiskapar kan skriftspråka visast fram og språkpolitikken realiserast. Både Posten Noreg AS og Norsk Tipping AS er til stades i kvardagen til svært mange menneske over heile landet. NRK er ei stor verksemd og ein sentral reiskap i språkpolitikken. Språkrådet meiner det er oppsiktsvekkande viss Kultur- og likestillingsdepartementet som eigar og generalforsamling vel å løfte eit av NRK-selskapa ut av halve språklova.

Paragraf 1 bokstav a andre alternativ i forskriftsutkastet er ei tilvising til offentlegforskrifta § 1 andre ledd, som seier at offentleglova ikkje gjeld for verksemdar i kategoriane «sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling» og «sjølvstendige rettssubjekt som utelukkande har til oppgåve å vareta medlemmene sine interesser som arbeidsgivar eller liknande (interesseorganisasjonar)». For den førstnemnde kategorien, «sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling», er grunngivinga for unntaket frå offentleglova, ifølgje høyringsnotatet om offentlegforskrifta, at «[s]like rettssubjekt vil ikkje kunne praktisere lova frå dag til dag». Språkrådet oppfattar dette som ei tilvising til blant anna

dei korte tidsfristane som gjeld for behandlinga av innsynskrav. Språkrådet kan ikkje sjå at grunngevinga har relevans for språklova.

Språkrådet avviser ikkje at det kan vere gode grunnar til at språklova §§ 12 til 18 ikkje bør gjelde for visse verksemder. Problemet er at vi ikkje ser nokon sakleg samanheng mellom omsyna som taler for unntak frå offentleglova på den eine sida, og omsyna som taler for unntak frå språklova på den andre sida. Reglane i språklova kjem ikkje automatisk i veggen for ei verksemd berre fordi reglane i offentleglova gjer det. Det er noko ukritisk ved kopieringa. Unntak frå lova som ikkje lar seg forklare, er ikkje heldige for det språkpolitiske arbeidet. Slike unntak vil gjere det vanskeleg å fremme språkpolitikken og motivere til etterleving av lovreglane. Språkrådet meiner departementet går for langt med § 1 bokstav a i framlegget.

Vedtekter må vere eigna og kunne etterlevast

Etter § 1 bokstav b i forskriftsutkastet skal språklova §§ 12 til 18 ikkje gjelde for «sjølvstendige rettssubjekt som driv forretningsverksemd og som har regulert dei språkpolitiske omsyna i vedtektene til verksemda». Språkrådet ser at løysinga med vedtektsregulering av språkpolitiske omsyn kan vere ein måte å sikre eit visst språkpolitisk medvit og ansvar hos verksemdene på. Fordi løysinga avskjer Språkrådets tilsyn, er det viktig at Kultur- og likestillingsdepartementet finn alternative metodar for å sikre den språkpolitiske etterlevinga i verksemda. Språkrådet legg til grunn at verksemdene ikkje kjem inn under unntaket før vedtektene ligg føre. Språkrådet reknar òg med at departementet seier noko om kva materielt innhald vedtektene må ha for å kvalifisere til unntak frå språklova §§ 12 til 18.

Vilkåret «som [...] mottek tilskot for å fremje nynorsk» er ikkje ei eigna avgrensing

Etter § 1 bokstav d i forskriftsutkastet skal språklova §§ 12 til 18 ikkje gjelde for «statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er stifta eller mottek tilskot for å fremje nynorsk». Språkrådet forstår kva organ og rettssubjekt departementet siktar til i framlegget, men er ikkje overtydde om at ordlyden er optimal. Ein vrang lesar vil kunne peike på at etter språklova har *alle* offentlege organ ansvar for å fremme nynorsk, og mange av dei har det som ei særskilt oppgåve (kanskje blant mange andre oppgåver); dermed er gruppa som «mottek tilskot for å fremje nynorsk», strengt tatt ganske stor, og vilkåret er ikkje godt nok avgrensa.

Paragraf 1 bokstav e i forskriftsutkastet bør delast opp

Etter § 1 bokstav e i forskriftsutkastet skal språklova §§ 12 til 18 ikkje gjelde for «sjølvstendige rettssubjekt som ikkje yter tenester retta mot allmenta, eller som rettar seg mot ein bestemt region eller landsdel». Føresegna blir tydelegare og lettare tilgjengeleg for lesaren viss ho blir delt opp i to ulike bokstavar, med eitt unntaksgrunnlag i kvar bokstav.

Det blir krevjande å tolke og rettleie om «tenester retta mot allmenta»

Språkrådet vil peike på det uklare i formuleringa «tenester retta mot allmenta». Her er ordlyden så open at det vil bli særskilt krevjande å tolke forskrifta og rettleie publikum om kva som ligg i regelen.

Teaterunntaket har uklar grunngiving

Kultur- og likestillingsdepartementet gjer framlegg om unntak for verksemder «som rettar seg mot bestemte regionar og landsdelar», og nemner kulturinstitusjonar som Rogaland Teater og Trøndelag Teater som eksempel. Departementet skriv i høyringsnotatet at slike kulturinstitusjonar «har eit særskilt regionalt ansvar», og at «[f]or nokre av desse institusjonane høver det best med deira profil og målgruppe å kommunisere skriftleg» på anten det eine eller det andre skriftspråket i staden for å følge reglane i språklova §§ 12 til 18. Samtidig skriv Nærings- og fiskeridepartementet i Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper – Bærekraftig verdiskaping* at «[s]tatens begrunnelse for eierskapet i [Rogaland Teater og Trøndelag Teater] er å bidra til at alle skal få tilgang til kunst og kultur av høy kvalitet og å fremme kunstnerisk utvikling og fornyelse. Statens mål som eier er høy kunstnerisk kvalitet til et bredt publikum». I lys av formuleringane «alle skal få tilgang til» og «til et bredt publikum» i eigarskapsmeldinga ser ikkje Språkrådet heilt kva det skulle vere med desse teatera og «deira profil og målgruppe» som krev at dei må vere unntatte frå språklova §§ 12 til 18 og skal bruke berre det eine eller berre det andre skriftspråket.

Svalbard-regelen er uklar

Etter § 1 bokstav f i forskriftsutkastet skal språklova §§ 12 til 18 ikkje gjelde for «sjølvstendige rettssubjekt som i hovudsak rettar seg mot allmenta utanfor Noreg eller på Svalbard». I høyringsnotatet nemner Kultur- og likestillingsdepartementet verksemder som høyrer heime på Svalbard, men sidan språklova ikkje gjeld på Svalbard eller utanfor Noreg, går Språkrådet ut frå at føresegna i forskriftsutkastet vil gjelde rettssubjekt som frå Fastlands-Noreg rettar seg mot allmenta utanfor Noreg eller på Svalbard.

I grunngivinga for Svalbard-unntaket peiker Kultur- og likestillingsdepartementet på at «[m]ange av dei som bur i lokalsamfunna på Svalbard, er òg utanlandske statsborgarar, og i korrespondanse med dei kan det bli brukt andre språk enn norsk». Språkrådet kan ikkje sjå at det er nødvendig for eit offentleg organ å vere unntatt frå språklova §§ 12 til 18 for å kunne føre korrespondanse på eit anna språk enn norsk med eit privat rettssubjekt som ønsker det.

Overskriftene til §§ 1 og 2 bør samordnast, eller paragrafane slåast saman

Overskriftene til §§ 1 og 2 gjeld begge unntak frå verkeområdet, men dette kjem fram berre i overskrifta til § 1. Ei mogleg løysing kan vere å utforme overskrifta til § 2 etter mønster frå § 1. Alternativt kan innhaldet i § 2 flyttast til ein ny bokstav sist i § 1.

Innholdet i § 2 går lenger enn forskriftsheimelen i lova tillet

Formuleringa «[s]pråklova gjeld ikkje for» i § 2 i forskriftsutkastet skal truleg vere «[s]pråklova §§ 12 til 18 gjeld ikkje for». Forskriftsheimelen i språklova § 3 femte ledd tillet ikkje forskriftsføresegner som gir unntak frå heile språklova.

Det er uklart kva ordet «programverksemda» rommar

I § 2 i forskriftsutkastet er det uklart kva ordet «programverksemda» rommar.

Passivkonstruksjonen i § 4 er uklar

Ordlyden i § 4 første ledd i forskriftsutkastet bør vise kven som er subjektet. Slik vil regelen bli lettare tilgjengeleg for lesaren. Språkrådet antar at subjektet i første ledd skal vere *lærestaden*, men det kjem ikkje fram før i tredje ledd.

Det er uklart kva departement som er klageinstans i § 5

I § 5 første ledd andre punktum bør det komme klart fram kva departement som er klageinstans. Slik vil regelen bli lettare tilgjengeleg for lesaren.

Språkrådet diskuterer gjerne vidare

I prosessen som førte til framlegget om forskrift og denne offentlege høyringa, gav Språkrådet talrike innspel til det materielle innholdet i reglane, den lovtekniske oppbygginga av forskrifta og den språklege utforminga av forskrifta. Språkrådet er tilgjengeleg for ytterlegare dialog.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Jan Erik Bangsund
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kultur- og
likestillingsdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO